



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom Sunnfjord – Rådhuset
Dato: 07.05.2026
Tid: Kl. 14:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte:

Håkon Myrvang
Kari Valle
Sara-Marie Horsevik
Anne Lilleaasen
Steinar Kvame
Tore Fossen
Jenny Følling
Oddmund Klakegg
Atle Hamar

Parti:

Ap
Ap
Ap
H
H
H
Sp
Sp
V

Forfall:

Åsmund Berthelsen
Gunn Merete Paulsen

Parti:

SV
V

Møtande varamedlem:

Eldrid Skudal
Bjarte Buttedal

Parti

SV
VIP

Andre:

Kirstin Synnøve Bruland
Kristine Steindal
Kurt Even Andersen
Lise Mari Haugen
Malin Solheim Moldestad
Odd Harry Strømsli
Åge Ansgar Stafsnes

kommunalsjef omsorg
kommunalsjef barnehage
kommunalsjef helse og sosial
assisterande kommunedirektør
rådgjevar
einingsleiar
kommunalsjef skule

Møteleiar: Jenny Følling

Merknader:

- Eit einstemmig formannskap vedtok å **lukke møtet** under den siste orienteringa om anskaffing av sikringstiltak på Skei, jf. koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. offl. § 23 første ledd.

Godkjenning av protokollen:

Jenny Følling

Atle Hamar

Tore Fossen

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
090/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
091/26	Høyringsuttale om forslag til endring i vallova (krinsvis oppteljing)
092/26	Val av komité og kommunebidrag til TV-aksjonen 2026
093/26	Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026
097/26	Uttale om nytt anbod for FOT-ruter i Sør-Noreg
094/26	Delegerte vedtak
095/26	Referatsaker
096/26	Orienteringar og spørsmål

090/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Forslag om ny sak på saklista , fremja av Jenny Følling (Sp):

Sak om uttale om nytt anbod for flyrutetilbodet blir sett som ny sak på saklista.

Eit einstemmig formannskap vedtok å sette uttale om nytt anbod for flyrutetilbodet som ny sak på saklista, jf. koml. § 11-3.

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordføraren fremja følgande til å godkjenne protokollen: Tore Fossen og Atle Hamar

Einstemmig vedtak

FORM- 090/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent, med følgande tillegg:

- Sak om uttale om nytt anbod for flyrutetilbodet blir sett som ny sak på saklista.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Tore Fossen og Atle Hamar

091/26: Høyringsuttale om forslag til endring i vallova (krinsvis oppteljing)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune meiner at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer har fleire negative konsekvensar som ikkje står i forhold til den avgrensa nytteverdien.

Sunnfjord kommune peikar særleg på følgjande:

- Forslaget kan utfordre **prinsippet om hemmeleg val**, særleg i små stemmekrinsar og i kategoriar med få førehandsstemmer. Risikoen for at einskilde veljarar kan bli indirekte identifiserte, må takast alvorleg. Opplevinga av hemmeleg val er avgjerande for tilliten til valordninga.
- Forslaget medfører ein **auka risiko for avvik** med ekstra manuelle prosessar knytt til merking av stemmesetlar med stemmekrinsnummer ved stemmemottaket, og sortering av stemmesetlane ved oppteljinga.
- Endringa inneber **meir komplekse rutinar og auka ressursbruk** for kommunane, både ved stemmemottak, oppteljing og opplæring av valmedarbeidarar.
- Krinsvis oppteljing svekkjer moglegheita for **kontroll og etterprøving** av valgjennomføringa. Når stemmesetlar frå same vallokale blir fordelte på fleire stemmekrinsar, blir det vanskelegare å avdekkje og forklare avvik mellom tal kryss i manntalet og tal stemmesetlar ved oppteljinga.
- Utgreinga frå Institutt for samfunnsforskning viser til **avgrensa nytteverdi** av krinsvise stemmetal, særleg for forskning og overordna forståing av valresultat.

Kommunen vil i tillegg løfte fram omsynet til **tillit til valgjennomføringa**. Fleire land har dei

seinare åra opplevd redusert tillit til val, ofte knytt til spørsmål om kontroll, openheit og valadministrative feil. I ein slik situasjon er det særleg viktig at endringar i norsk valregelverk bidreg til å styrke – ikkje svekke – inntrykket av tryggleik, ryddig gjennomføring og fullt ut hemmelege val.

Etter kommunen sitt syn kan forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer, med meir manuell behandling og fleire moglege feilkjelder, føre til fleire avvik og større rom for mistillit, sjølv om sjølve valresultatet ikkje blir påverka. Risiko for redusert tillit er i seg sjølv eit tungtvegande argument mot lovendringa.

Sunnfjord kommune tilrår difor at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer ikkje blir vedteke. Vi meiner at dagens ordning i større grad ivaretek omsynet til hemmeleg val, god kontroll, effektiv valg gjennomføring og tilliten til valordninga.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg **vart einstemmig vedteke**

FORM- 091/26 Vedtak:

Sunnfjord kommune meiner at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer har fleire negative konsekvensar som ikkje står i forhold til den avgrensa nytteverdien.

Sunnfjord kommune peikar særleg på følgjande:

- Forslaget kan utfordre **prinsippet om hemmeleg val**, særleg i små stemmekrinsar og i kategoriar med få førehandsstemmer. Risikoen for at einskilde veljarar kan bli indirekte identifiserte, må takast alvorleg. Opplevinga av hemmeleg val er avgjerande for tilliten til valordninga.
- Forslaget medfører ein **auka risiko for avvik** med ekstra manuelle prosessar knytt til merking av stemmesetlar med stemmekrinsnummer ved stemmemottaket, og sortering av stemmesetlane ved oppteljinga.
- Endringa inneber **meir komplekse rutinar og auka ressursbruk** for kommunane, både ved stemmemottak, oppteljing og opplæring av valmedarbeidarar.
- Krinsvis oppteljing svekkjer moglegheita for **kontroll og etterprøving** av valg gjennomføringa. Når stemmesetlar frå same vallokale blir fordelte på fleire stemmekrinsar, blir det vanskelegare å avdekkje og forklare avvik mellom tal kryss i manntalet og tal stemmesetlar ved oppteljinga.
- Utgreiinga frå Institutt for samfunnsforskning viser til **avgrensa nytteverdi** av krinsvise stemmetal, særleg for forskning og overordna forståing av valresultat.

Kommunen vil i tillegg løfte fram omsynet til **tillit til valg gjennomføringa**. Fleire land har dei seinare åra opplevd redusert tillit til val, ofte knytt til spørsmål om kontroll, openheit og valadministrative feil. I ein slik situasjon er det særleg viktig at endringar i norsk valregelverk bidreg til å styrke – ikkje svekke – inntrykket av tryggleik, ryddig gjennomføring og fullt ut hemmelege val.

Etter kommunen sitt syn kan forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer, med meir manuell behandling og fleire moglege feilkjelder, føre til fleire avvik og større rom for mistillit, sjølv om sjølve valresultatet ikkje blir påverka. Risiko for redusert tillit er i seg sjølv eit tungtvegande argument mot lovendringa.

Sunnfjord kommune tilrår difor at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer ikkje blir vedteke. Vi meiner at dagens ordning i større grad ivaretek omsynet til hemmeleg val, god kontroll, effektiv valg gjennomføring og tilliten til valordninga.

092/26: Val av komité og kommunebidrag til TV-aksjonen 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunekomitéen i Sunnfjord for TV-aksjonen 2026, har følgjande medlemer:

- Jenny Følling, leiar
- Henrik Nordal
- Anne Lilleaasen
- Håkon Myrvang
- Magne Aardal

Sunnfjord kommune gir kroner til TV-aksjonen 2026.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Tilleggsframlegg, fremja av Håkon Myrvang (Ap):

Kommunebidraget blir på 25 000 kr

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg, med tillegg, vart **einstemmig vedteke**

FORM- 092/26 Vedtak:

Kommunekomitéen i Sunnfjord for TV-aksjonen 2026, har følgjande medlemer:

- Jenny Følling, leiar
- Henrik Nordal
- Anne Lilleaasen
- Håkon Myrvang
- Magne Aardal

Sunnfjord kommune gir 25 000 kroner til TV-aksjonen 2026.

093/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Kommunedirektøren orienterte om:

- Budsjettrapport pr. mars: <https://pub.framsikt.net/2026/sunnfjord/mr-202603-budmar2026#/home> v/Marius Bjørvik Solheim, økonomisjef
- Status tiltak skule v/Åge Stafsnes, kommunalsjef skule
- Budsjettkonferanse i juni (dato, tidsramme og tema) v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør
 - Budsjettkonferansen blir 11. juni kl. 09.00–12.00, vidare behandling av saklista kl. 12.30–16.00. Kommunedirektøren vil avklare agenda med formannskapet i seinare møte.
- Kommunebarometer 2026 v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør

FORM- 093/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.

097/26: Uttale om nytt anbod for FOT-ruter i Sør-Noreg

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet viser til Samferdselsdepartementet si utlysing av ny konkurranse om regional flyrutefordring i Sør-Noreg frå 2027. Dei foreslegne endringar i FOT-rutekrava svekker rutetilbodet noko som vil få alvorlege negative konsekvensar for regionen flyplassen tener og gjev næringslivet dårlegare konkurransevilkår.

Formannskapet i Sunnfjord kommune ber om at Samferdselsdepartementet avlyser anbudskonkurransen og justerer konkurransegrunnlaget for rutetilbodet ved Førde Lufthamn før ny utlysing justere slik at flytilbodet ved Førde lufthamn blir styrka, ikkje svekka.

Det er spesielt viktig at:

- setekapasiteten på ruta Førde–Oslo blir oppretthalden
- det blir stilt krav som sikrar reelle dagsreiser mellom Førde og Oslo alle vekedagar inkludert krav om laurdagsflygingar

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Eit einstemmig formannskap vedtok å sette uttale om nytt anbod for flyrutetilbodet som ny sak på saklista, jf. koml. § 11-3.

Avstemming:

Ordføraren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

FORM- 097/26 Vedtak:

Formannskapet viser til Samferdselsdepartementet si utlysing av ny konkurranse om regional flyrutefordring i Sør-Noreg frå 2027. Dei foreslegne endringar i FOT-rutekrava svekker rutetilbodet noko som vil få alvorlege negative konsekvensar for regionen flyplassen tener og gjev næringslivet dårlegare konkurransevilkår.

Formannskapet i Sunnfjord kommune ber om at Samferdselsdepartementet avlyser anbudskonkurransen og justerer konkurransegrunnlaget for rutetilbodet ved Førde Lufthamn før ny utlysing justere slik at flytilbodet ved Førde lufthamn blir styrka, ikkje svekka.

Det er spesielt viktig at:

- setekapasiteten på ruta Førde–Oslo blir oppretthalden
- det blir stilt krav som sikrar reelle dagsreiser mellom Førde og Oslo alle vekedagar inkludert krav om laurdagsflygingar

094/26: Delegerte vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 094/26 Vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

095/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Einstemmig vedtak

FORM- 095/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

096/26: Orienteringar og spørsmål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 07.05.2026:

Møtet byrja med orientering frå Sunnfjord tomteselskap v/Silje Skaar Sunde, styreleiar.

I slutten av møtet vart det orientert om:

1. Statlege planretningslinjer for areal og mobilitet v/Odd Harry Strømsli, leiar areal og byggesak
2. Spørsmål frå Atle Hamar (V) om søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav knytt til kryss E39/KV Bjørkelia, status etter høyring.
 - a. To skriv frå Statens vegvesen og eitt frå Tind rådgjevande ingeniørar AS er ettersendt som referatsak 5–7.
3. Spørsmål frå Eldrid Skudal (SV) om status detaljreguleringsplan for Jostedalsbreen gondol
 - a. har tiltakshavar svara ut motsegnene til planen, og er administrasjonen i gang med å behandle saka?
 - b. er det teke stilling til om ein fyrst må avklare motsegnene i overordna plan, eventuelt i ein kommunedelplan for området?
 - c. kva tid blir saka vil bli lagt fram for formannskap og kommunestyre?
4. Ev. flytting av møte i formannskapet 21. mai v/ordføraren.
 - a. møtet vart flytta til onsdag 20. mai.
5. Anskaffing av sikringstiltak på Skei v/Karsten Karlsen Sunde, kommuneadvokat
 - a. Eit einstemmig formannskap vedtok å **lukke møtet** under denne orienteringa, jf. koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. offl. § 23 første ledd

FORM- 096/26 Vedtak:

Orienteringa blir teke til vitande.